



DELÅRSRAPPORT **2. kvartal 2011**

Voss, 16. august 2011

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2011

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultat før skatt i 2. kvartal på 6,9 mill. kr mot 9,2 i 2. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,95% i år, mot 1,30% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er resultatet 5,1 mill. kr, mot 6,4 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,69% i år og 0,90% i fjor av GFK i kvartalet. Reduksjonen i resultatet skuldast i vesentleg grad bortfall av eingongspostar inntektsført i 2. kvartal i fjor.

RENTEMARGIN

I 2. kvartal er rentemarginen på 15,2 mill. kr mot 12,7 mill. kr i 2. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen auka frå 1,80% til 2,06%.

Pr. 30.06.11 er rentemarginene på 30,1 mill. kr mot 30,2 mill. kr pr. 30.06.10. I % av GFK er rentemarginen redusert frå 2,18% i fjor til 2,07% i år.

Vi er godt nøgd med at rentemarginen held seg over 2-talet sjølv om banken framleis opplever stor konkurranse i rentemarknaden, samt reduserte marginar på banken sin overskotslikviditet.

INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 2. kvartal i år er det samla inntektsført 0,5 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst/tap og verdijusteringar, mot inntektsføring på 1,0 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Pr. 30.06 det samla inntektsført 1,2 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst/tap og verdijusteringar, mot inntektsføring på 3,3 mill. kr pr. 30.06.10.

På verdipapir vurdert som anleggsmiddel var det ved halvårsskiftet i fjor inntektsført 1,2 mill. kr. i vinst.

DRIFTSKOSTNADER

I 2. kvartal i år er samla driftskostnader 9,0 mill. kr, mot 6,5 mill. kr i 2. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane auka frå 0,91% i 2. kvartal i fjor til 1,23% i år. I 2. kvartal i fjor vart det i samband med pensjonsreforma inntektsført 2 mill. kr som ein eingongs tilbakeføring av tidlegare avsette AFP forpliktingar.

Pr. 30.06.11 er driftskostnadane på 19,5 mill. kr mot 17,1 mill. kr pr. 30.06.10, noko som er i samsvar med budsjett for 2011.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 2. kvartal har banken bokført nedskrivningar på kundeengasjement med 0,8 mill. kr, mot 1,3 mill. kr i 2. kvartal i fjor. Av beløpet er 0,7 mill. kr. avsett til gruppevise nedskrivningar. I 2. kvartal er det ikkje konstaterte tap på lån som det tidlegare er nedskrive på.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av 2. kvartal i 2011 er 115,5 mill. kr mot 84,8 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 4,63% pr. 30.06.11, mot 3,71% pr. 30.06.10.

RÅDVELDEKAPITAL

I 2. kvartal er rådveldekapitalen auka med 135 mill. kr eller 4,7%. Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 223 mill. kr, eller 7,9%.

Ved kvartalsskiftet passerer banken sin rådveldekapital for fyrste gong 3 mrd. kr, og er pr. 30.06.11 på 3.041 mill. kr mot 2.817 mill. kr. pr. 30.06.10

INNSKOT

I 2. kvartal er innskot frå kundar auka med 55 mill. kr, eller 2,9%. Siste 12 månader har innskota auka med 144 mill. kr som utgjer 7,9%.

Pr. 30.06.11 er innskot frå kundar på 1.968 mill. kr mot 1.824 mill. kr pr. 30.06.10

Innskotsdekninga frå kundar held seg stabil rundt 80% og var ved kvartalsskifte 78,9% av brutto utlån mot 79,7% på same tid i fjor.

UTLÅN

I 2. kvartal er brutto utlån til kundar auka med 71 mill. kr eller 3,0%. Siste 12 månader har utlåna auka med 205 mill. kr, eller 9,0%.

Pr. 30.06.11 er brutto utlån til kundar på 2.493 mill. kr mot 2.288 mill. kr pr. 30.06.10

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 349 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,42%. Kjernekapitalen er samstundes 289 mill. kr, eller 15,25%. I høve til minimumskrava er overdekninga 197 mill. kr.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNEKAPSPRINSIPP

Banken sitt delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS. Samanlikningstala er omarbeidd i samsvar med krava i IFRS. Dei rekneskapsmessige endringane i samband med overgang til IFRS-reglane er omtalt og forklart i eit eige overgangsdokument. Overgangsdokumentet inneheld og ei oppstilling av rekneskapsprinsippa som er lagt til grunn. Overgangsdokumentet er publisert i eiga børsmelding 27.04.11, og ligg som eige dokument på banken sine heimesider.

UTSIKTENE FOR 2011

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingsituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein nokolunde stabil lokalmarknad, framleis vil vera i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken inngjekk ved årsskiftet distribusjonsavtale med Terra Forsikring AS for sal av skade og livsforsikring. Denne satsinga utvidar og styrkjer banken sitt totaltilbod. Vi vonar satsinga vil styrkja vår posisjon i banken sitt marknadsområde.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR

Vi stadfestar etter beste overtying at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2011 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	2. kv. 11	2. kv. 10	30.06.11	30.06.10	31.12.10
Renteinntekter og liknande inntekter	31.669	27.444	62.963	57.760	116.883
Rentekostnader og liknande kostnader	16.509	14.695	32.832	27.542	59.926
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	15.160	12.749	30.131	30.218	56.957
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.597	3.348	2.611	3.373	6.159
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.296	1.489	2.732	2.844	6.258
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-516	-462	-980	-972	-2.024
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-1.926	-2.362	-1.267	-86	2.735
Andre driftsinntekter	228	170	393	335	757
Sum andre inntekter	1.679	2.183	3.489	5.494	13.885
Sum netto inntekter	16.839	14.932	33.620	35.712	70.842
Løn og generelle administrasjonskostnader	7.110	5.046	15.339	13.934	28.864
Ordinære avskrivningar	611	371	1.170	742	1.544
Andre driftskostnader	1.328	1.038	3.012	2.431	5.762
Sum kostnader	9.049	6.455	19.521	17.107	36.170
Resultat før tap	7.790	8.477	14.099	18.605	34.672
Tap på utlån, garantiar m.v.	848	1.339	1.715	2.984	6.329
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	-2.034	0	-1.192	-570
Netto tap og avskrivningar	848	-695	1.715	1.792	5.759
Resultat før skatt	6.942	9.172	12.384	16.813	28.913
Skatt på ordinært resultat	1.892	2.772	3.411	4.483	7.748
Resultat for rekneskapsåret	5.050	6.400	8.973	12.330	21.165
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-145	-4.623	319	-8.484	-3.720
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	40	-175	-89	688	-342
Sum andre postar	-105	-4.798	230	-7.796	-4.062
Totalresultat	4.945	1.602	9.203	4.534	17.103
Resultat pr. aksje	53,16	67,37	94,45	129,79	222,79
Utvatna resultat pr. aksje	53,16	67,37	94,45	129,79	222,79

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	143.587	108.111	75.348
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	26.365	83.652	16.349
Netto utlån og fordringar på kundar	2.447.400	2.244.987	2.367.339
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	315.708	232.771	325.403
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	56.471	104.550	96.786
Utsett skattefordel	0	1.124	0
Finansielle derivat	71	300	0
Varige driftsmidler	37.185	30.936	30.939
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	14.521	11.500	11.167

SUM EIGNELUTAR

3.041.308 2.817.931 2.923.331

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	1.968.194	1.824.363	1.932.789
Obligasjons- og sertifikatgjeld	665.531	600.004	597.213
Finansielle derivat	400	272	471
Utsett skatt	2.255	0	2.258
Anna gjeld	4.246	11.295	11.725
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	23.662	22.169	6.162
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	7.174	7.775	7.130
Ansvarleg lånekapital	84.898	84.120	84.898
Sum gjeld	2.756.360	2.549.998	2.642.646

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-6	-12	-6

Sum innskoten eigenkapital

9.494 9.488 9.494

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	275.454	258.445	271.191
--------------------	---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

275.454 258.445 271.191

Sum eigenkapital

284.948 267.933 280.685

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.041.308 2.817.931 2.923.331

Garantiansvar	35.739	37.260	34.926
Pantsetjingar	59.929	57.897	102.132
Eigenkapitaldekning	18,43 %	19,06 %	18,97 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	2.907.909	2.760.828	2.817.491

Voss, 16.08.11

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel
styreformann

Stig Gunnar Røthe

Åse-Karin Tennebekk

Dagfinn Gjøstein

Norvald Fretheim

Jan Arveschoug

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar	
Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	
Endring i gruppevise nedskrivningar	
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for	
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for	
Inngang på tidlegare avskrivne tap	
Sum tap i perioden	
Sum tap gjeld tap på utlån.	

Alle tal i heile NOK 1.000

30.06.11	30.06.10	31.12.10
588	939	-566
-308	1.096	1.295
1.250	500	2.500
213	473	3.238
0	2	0
-28	-26	-139
1.715	2.984	6.328

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån	
Individuelle tapsnedskrivningar	
Netto misleghaldne lån	

78.988	54.520	23.581
8.548	12.936	7.228
70.440	41.584	16.353

Andre tapsmerka engasjement	
Individuelle tapsnedskrivningar	
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	
Netto tapsutsette engasjement	

67.016	61.759	78.420
21.934	18.534	23.199
45.082	43.225	55.221
115.522	84.809	71.574

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån	
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar	
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar	
Netto utlån til kundar	

2.493.138	2.288.463	2.411.772
1.432	1.362	899
-31.914	-32.832	-31.326
-15.256	-12.006	-14.006
2.447.400	2.244.987	2.367.339

KAPITALDEKNING

	30.06.11		30.06.10		31.12.10	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	529	42	0	0	0	0
Institusjonar	87.387	6.991	87.248	6.980	76.950	6.156
Føretak	534.337	42.747	441.951	35.356	523.845	41.908
Massemarked	566	45	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	720.809	57.665	686.959	54.957	708.667	56.693
Forfalne engasjement	134.083	10.727	88.521	7.082	74.489	5.959
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.993	479	0	0	5.995	480
Andelar i verdipapirfond	9.568	765	19.972	1.598	14.739	1.179
Andre engasjement	287.966	23.037	226.637	18.131	272.015	21.761
Sum kredittrisiko	1.781.238	142.499	1.551.288	124.103	1.676.700	134.136
Operasjonell risiko	126.838	10.147	121.862	9.749	121.862	9.749
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-15.256	-1.220	-12.006	-960	-14.006	-1.120
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	1.892.820	151.426	1.661.144	132.892	1.784.556	142.764
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-6		-12		-6	
Annan egenkapital	244.265		227.501		246.337	
Fondsobligasjonar	34.898		35.000		35.000	
- utsett skattefordel	0		-5.330		-2.386	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum kjernekapital	288.657	15,25	266.659	16,05	288.445	16,16
Fond for urealiserte verdiendringar	9.932		0		0	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	59.932	3,17	50.000	3,01	50.000	2,80
Sum ansvarleg kapital	348.589	18,42	316.659	19,06	338.445	18,97

ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal
Kjøp / sal egne aksjar
Resultat i perioden
Utbytte
Eigenkapital ved periodeslutt

30.06.11	30.06.10	31.12.10
280.685	268.154	268.154
230	-7.796	-4.062
0	-5	178
8.973	12.330	21.165
-4.940	-4.750	-4.750
284.948	267.933	280.685

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar
Andre innbetalningar
Driftsutbetalningar
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap
Utbetalt utbytte
Betalte skattar
Tilført frå verksemda
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd
Investert i varige driftsmidlar
Avgang varige driftsmidlar, til salssum
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir
Netto kontantstraum frå investeringar
Netto endring likvidar
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt
 Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:
Kontantar og fordringar på sentralbankar
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt

Alle tal i heile NOK 1.000

30.06.11	30.06.10	31.12.10
64.040	61.260	122.639
-16.339	-12.909	-60.886
2.943	3.766	7.365
-17.994	-15.280	-33.407
28	26	140
-4.940	-4.750	-4.750
-5.818	-8.876	-8.662
21.920	23.237	22.439
-81.627	-64.092	-190.224
35.405	51.029	159.455
0	0	0
68.531	-47.000	-50.000
-2.928	40	1.744
-68.232	36.680	-67.356
0	0	0
-4.808	1.647	951
0	60.000	60.000
0	0	181
-53.659	38.304	-85.249
-7.416	-596	-1.400
0	0	0
117.410	13.455	38.544
109.994	12.859	37.144
78.255	74.400	-25.666
91.697	117.363	117.363
169.952	191.763	91.697
 143.587	 108.111	 75.348
26.365	83.652	16.349
169.952	191.763	91.697

AVSTEMMING MOT TIDLEGARE REKNESKAPSPRINSIPP

Avstemming egenkapital 30.06.2010

Alle tal i heile NOK 1.000

NGAAP	Eigenkapital 30. juni 2010		250.233
	Effekt av overgang til IFRS		
	Obligasjonar til verkeleg verdi	-3.870	
	Aksjar til verkeleg verdi	6.885	
	Endring utsett skatt	-4.206	
	Finansielle derivat	300	
	Endring bokført verdi bankbygning	19.709	
	Endring amortisering underkurs innlån	-3	
	Endring pensjonsforplikting	-1.995	
	Ansvarleg lånekapital	880	
	Sum overgangseffekt	17.700	17.700
IFRS	Eigenkapital 30. juni 2010		267.933

Avstemming resultat 2. Kvartal 2010

Alle tal i heile NOK 1.000

NGAAP	Årsresultat 2. Kvartal 2010		7.043
	Effekt av overgang til IFRS		
	Obligasjonar til verkeleg verdi	-4.623	
	Aksjar til verkeleg verdi	1.180	
	Endring utsett skatt	75	
	Endring bokført verdi bankbygning	-62	
	Endring amortisering underkurs innlån	36	
	Endring pensjonsforplikting	-2.047	
	Sum overgangseffekt	-5.441	-5.441
IFRS	Totalresultat 2. kvartal 2010		1.602

Bakgrunnen for endringar i eigenkapital og resultat er forklart i eit eige offentleggjort overgangsdokument.